



Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 14.12.2015  
Vår ref.: 2015/11954-2  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 15/3562 – 15/35389

## **Kulturminnefagleg fråsegn - søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 146/44 Fosse - Lindås kommune**

Viser til brev datert 19.11.2015 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og vårt brev datert 27.03.2015 vedrørende førespurnad om automatisk freda gravminne med Askeladden-id. 124843. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern.

Det er søkt om oppføring av ein bustad på Ytre Fosse, gnr. 146, bnr. 44 i Lindås kommune. I vestlege del av tomta er det registrert eit automatisk freda kulturminne, eit gravminne med Askeladden-id. 124843. Det er også kjend ei rekke førhistoriske gravfunn i nærområdet. I svært mange tilfelle kor bygging er planlagt i nærleiken av automatisk freda kulturminne, vil fylkeskommunen rå i frå bygging. Grunna kulturminnet si utstrekning, dei topografiske høva på staden, og at huset si plassering er i tråd med våre tilrådingar, jf. vårt brev datert 27.03.2015, finn vi ikkje grunn til å rå i frå bygging på tomta. Ved eventuell dispensasjon til bygging av bustaden, jf. kart vedlagt byggesøknad, ber vi kommunen om å sette vilkår om at eit eventuelt nytt bygg, etter tilrettelegging av tomt, får maksimal høgde tilsvarande kote 65. Hordaland fylkeskommune ber også om å få tilsendt søknad ved eventuelle tiltak i området mellom huset og gravminnet.

Vi gjer merksam på at det ikkje må køyrast, lagrast utstyr, materiale eller gjerast inngrep i sikringssona til automatisk freda kulturminne med Askeladden-id. 124843. Det kan heller ikkje opparbeidast hage eller liknande i sikringssona, jf. § 3 i kulturminnelova.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved  
Kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*